


Pedagogisk Psykologisk rådgjevingsteneste, Nord-Gudbrandsdal

Dovre Sel Lom Skjåk Vågå Lesja



Informasjon til skuleansvarlege, rektorar og barnehagestyrarar Nr. 2 - 2015, 22.01.2015

PPT-dagar våren 2015 - skulane

PPT-dagane er ein viktig del av PPT NG sitt systemarbeid overfor skuler og barnehagar i regionen.

Vi arbeidar med å sette opp meir uformelle arbeidsdagar på skulane framover, og saman med PPT-dagane kjem det ein oversikt over komande arbeidsdagar der den enkelte PP-rådgjevar eller to saman har skulen som base for arbeidsdagen, utan for mykje program og opplegg rundt dagen. Konsultasjonar kan leggjast til disse dagane, og skulane har moglegheit til å bruke PP-rådgjevarane til ulike spørsmål og ynskjer.

PPT-dagar våren 2015 - barnehagane

PPT inviterer styrarar og pedagogiske leiarar til ein eller to fag- og samarbeidsdag vinter/ vår 2015. Vi tenkjer mellom anna å sette søkeljoset på TIBIR-prosjektet i Nord - Gudbrandsdalen (tidleg innsats for barn i risiko), Kvello-metoden som Sel kommune har vald å arbeide etter, systemarbeid i PPT og samhandling PPT og barnehagane. Ynskjer for innhald og tema på denne dagen kan sendast på epost til ppt-nordgudbrandsdal@sel.kommune.no. PPT-dagane gjennomførast kvar haust i barnehagane.

Dato for samlinga: Torsdag 26.03.15. Sett av datoen, så kjem møteinvitasjon seinast i veke 8.

PPT-dagar som ein del av systemarbeidet i PPT NG

PPT NG har fylgjande tiltak som ein del av det generelle systemarbeidet i heile regionen:

- Samarbeidsmøter med kvar kommune om satsingsområder i skular og barnehagar i den enkelte kommune, og gjensidige attendemeldingar kvar haust
- Samarbeidsmøter med kvar kommune kvar vinter/vår (februar), der drøfting og gjennomgang av ressursar i skulane og kva for behov den enkelte har i tillegg til grunnbemanning, for å få eit forsvarleg opplæringstilbod i skulen og barnehagen

- PPT-dag gjennomført etter fast oppsett ved kvar skule og kvar barnehage i regionen (til saman 14 barneskular, 8 ungdomsskular og 25 barnehagar) kvar haust
- PPT-dag gjennomført etter fast oppsett ved kvar skule kvart vårhalvår
- Møte med styrarane i barnehagane minst kvart vårhalvår
- Møte med rektorane ein – to gonger kvart skuleår

I tillegg arbeider PPT NG med systemsaker i den enkelte skule og barnehage, etter melding frå skular og barnehagar, og etter kapasitet. Det er frå nasjonale myndigheiter sin side eit ynskje om at PPT NG i større grad skal arbeide med systemarbeid framfor enkeltborn- og unge.

Samling for 6K oppvekst, rektorar og leserettleiararar

Vigdis Refsahl er framleis ein rettleiar for PPT NG, når det gjeld oppfylging av ALU-satsinga (auka læringsutbyte). Ho legg no meir vekt på ulike læringsstrategiar, motivasjonsarbeid med elevane og nyare forskning.

Denne samlinga vil gjennomførast tysdag 28.04.15. Program og opplegg for dagen kjem seinast i veke 13, men sett av datoen no.